



Å skifte ut ein stolpe er ikkje gjort i ei handvending, spesielt ikkje når stolpen inngår i ei høgspenline.



Historia om stolpen på Døssland starta som uskedalen.no har meldt før då ein lokal traktorfører mista styringa og køyrde inn i stolpen så han knakk tvers av. Heldigvis skjedde det utan at nokon var skada, men heile dalen mista straumen.



Kvinnherad Energi, som rykka raskt ut, måtte i fyrste omgong satsa på eit provisorium. Godt hjulpe av maskineigar Arne Haugland vart det gjennomført ei førebels spjelking og abonnentane fekk att straumen etter eitpar timar. Gjennom helga har så provisoriet fungert utan problem.

Måndag føremiddag kom så turen til den endelege løysinga. Med ei kran vart lina halden oppe medan den samme Haugland i første omgong grov eit skikkeleg hol for nystolpen. Så vart denne varsamt lirka på plass. Endeleg kunne fagfolka montere leidningane fast på toppen og abonnentane i Haugland-området få att straumen.

Vi bringer her bilete måndagens operasjon i tre fasar og seier berre til både Kvinnherad Energi og Arne Haugland: Godt jobba!

Av Ola Matti Mathisen